

Denne årsplanen er eit dokument tilpassa Gaupne barnehage, og eit arbeidsdokument for personalet i barnehagen. Den skal gje foreldre og andre interesserte innsikt og informasjon om mål og innhald i barnehagen. Årsplanen baserar seg på *Rammeplanen* og *Barnehagelova* og må sjåast i samanheng med vekeplanane i barnehagen. Der er meir detaljert informasjon om aktivitetar og opplegg og korleis måla i årsplanen skal nåast. Informasjon som vedtekter, søknadsfristar og betalingssatsar finn ein på heimesida til Luster kommune.

Me ynskjer tilbakemeldingar på arbeidet me gjer, slik at me er i utvikling og får skape den gode barnehagen me ynskjer.

Vision: «Me vil. Me kan». Me vil få vene, me vil vera vene, oppleve magi, me vil undre oss, me vil ting i saman. Me er, vil og kan masse her og no.

#### **Luster kommune sine satsingsområde i perioden 2015-2017:**

- Fysisk aktivitet
- Språkutvikling

**Gaupne barnehage sitt lokale satsingsomr:**  
-aktive vaksne og friluftsliv/ut på tur.

#### **Omsorg og danning:**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»*

(Barnehagelova §1) Dvs at danning er ein kombinasjon av kunnskap og sosial kompetanse; «god folkeskikk». Danning er ein livslang prosess der me i barnehagen skal gje utfordringar og støtte borna for å takle dei. Omsorg handlar om relasjonar mellom dei vaksne og borna, og omsorga borna viser kvarandre. Intensjonen er utvikling av trivsel, tryggleik og kjensla av å høyre til. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet og koma til uttrykk når born leikar og lærer, i stell, måltid og påkledning. Det ligg mykje omsorg i å gje borna varierte utfordringar og rom for meiningsfylte aktivitetar.

Førebyggande arbeid mot mobbing er òg viktig i denne samanheng. Bhg har ein eigen handlingsplan mot mobbing.

#### **Dei 7 fagområda:**

Rammeplanen er delt inn i 7 fagområder som er sentrale for oppleving, utforskning og læring. Desse fagområda samsvarar godt med dei faga ein møter i skulen seinare. I aktivitetane og det pedagogiske opplegget vårt vil fagområda

alltid vera representert, men sjeldan opptre åleine.

**Mål:** Borna skal bli kjend med og utforske ulike aktivitetar utifrå interesse, alder og modning.

Prosessene viktigare enn produktet.

**Korleis:** Gjennom aktive vaksne. Vaksne som støttar. Vaksne som er nysgjerrige saman med borna.

Me vil ha **prosjektperiodar** der borna er saman med sine årskull, og personalet arbeider på tvers av avdelingane utifrå interesser og kompetanse.

**Mål for borna:** Borna skal vera med sine jamaldringar på tvers av avdelingar, for å bli kjende og for å oppleve dei same tinga.

**Mål for dei tilsette:** Inspirere born i ulike aldersgrupper, på noko du har ekstra engasjement for. Og då særleg dei tre satsingsområda våre.

#### **Planarbeid**

Me jobbar i periodar på to veker. Foreldra får tovekersplanar med oversikt over kva mål ein jobbar mot i den perioden og kva aktivitetar ein legg opp til. Slik vil me evaluere og lage nye planar kontinuerleg.

Alle barn i Gaupne barnehage skal få oppleve aktive vaksne på tur utanfor barnehagen, kvar veker.

### **Medverknad:**

Barnehagelova gje foreldre og born rett til medverknad:

Me skal gje borna rom for å lære å «klare sjølv». Utifrå det har dei eit grunnlag for å meine kva dei kan/treng/ynskjer skal skje i barnehagen. Me gjev dei val, og dei har eit grunnlag å velje utifrå.

Foreldre medverkar med daglege samtalar i bringe/hentesituasjonar, foreldresamtalar og foreldremøter.

### **Samarbeid:**

Me samarbeidar med m.a: PPT, helsestasjonen, barneværn, fysioterapeut, HSP team, andre barnehagar, Gaupne barneskule, foreldrerådsstyret og samarbeidsutvalet.

Personalinformasjon og utfyllande tema kring barnehagekvardagen og drifta av barnehagen finn de på heimesida vår.

[www.oppvekst.luster.no](http://www.oppvekst.luster.no) Gaupne barnehage



### **Årshjul:**

|       | Tema                                        | Mål                                   |
|-------|---------------------------------------------|---------------------------------------|
| Aug   | Innkøyring<br>Bli kjende på avdeling        | Eg har ein trygg dag i barnehagen.    |
| Sept  | Friluftsliv/ut på tur                       | Markere friluftsåret                  |
| Okt   | Prosjekt på tvers av avdelingar og personal | Eg er kjend med andre i mitt årskull. |
| Nov   | Prosjekt på tvers av avdelingar og personal | Få felles opplevingar                 |
| Des   | Advent og jul                               | Juletradisjon                         |
| Jan   | Vinter. Leseøkter                           | Språkfokus                            |
| Feb   | Prosjekt på tvers av avdelingar             | Få felles opplevingar                 |
| Mars  | Påske                                       | Påsketradisjon                        |
| April | Bøker inne, bøker ute                       | Leseglede                             |
| Mai   | Sommarturar                                 | Turglede                              |
| Juni  | Avslutning                                  | Vise fram                             |
| Juli  |                                             |                                       |

Satsingsområda språk, fysisk aktivitet og aktive vaksne er med i alle tema.

**Fysisk aktivitet:** PresPas, Grindane, faste turdagar; gåturar i nærområdet, styrt aktivitet og fri aktivitet i aulaen, minirørnis.

**Språkutvikling:** Følgje den overordna Leseplan for Luster kommune. (ligg på heimesida)

# ÅRSPLAN



**Gaupne barnehage**

2015/2016



**Me vil. Me kan.**